

Referat frå styremøte i Sotra Volleyballklubb



Tid: Måndag 24. april 2023 kl. 17:30 - 19:00

Stad: Klasserommet i Blldøyhallen

Til stades: Renate Turøy, Cathrine Hartwig, Vegard Mortensen, Jens Knabben,
Nils Magne Vardøy og Mikael Tangen

Forfall: Nina Lønøy

Frå trenarane møtte: Nils Ivar Brennhaug, Geir Andre Thomassen og Julio
Halland

Saker:

1/1 Innkalling

Innkallinga godkjend.

2/1 Konstituering av styret 2023 - 2024

Oppgåvene til styremedlemmane var fordelt:

- Renate Turøy Sportsleg leiar
- Cathrine Hartwig Sekretær
- Jens Knabben Kasserar
- Nils Magne Vardøy Arrangement for aldersbestemte lag
- Vegard Mortensen Vaktansvarleg
- Mikael Tangen Kontakt med NVBF, NTV, HVBR og Øygarden
kommune, arrangementansvarleg 1. div.

3/1 Saksliste

Sakslista godkjend.

4/1 Protokoll frå årsmøtet

Protokollen godkjend - underskrifter på plass.

Årsmøtepapir og -protokoll sendt til NIF, NVBF og Øygarden kommune.

5/1 Referat frå styremøtet 27.02.2023

Referat godkjend.

6/1 Orienteringar

a) Vakthald i Bildøyhallen - helgene i april

Mikael Tangen har hatt vakthald i Bildøyhallen dei fleste helgene denne sesongen. Vegard Mortensen overtek ansvaret for vakthaldet resten av sesongen i samarbeid med Mikael Tangen.

b) Lerøy Beach Camp (Vedlegg 1)

Orientering om arrangementet sendt til trenarane Renate Turøy, Julio Halland og Geir Andre Thomassen.

c) Samarbeid BSI og Sotra VBK

Nils Ivar Brennhaug held fram som kontaktperson for Sotra VBK.

d) Spørsmål frå TIF Viking om praktisk ordning for innkreving av kontingent og lisens.

Mikael Tangen har svart TIF Viking i e-post om korleis Sotra VBK driv innkrevinga,

e) Utstyrspakke frå NVBF

Sotra VBK har fått utstyrspakke.

f) Tilskot frå Sparebanken Vest

Sotra VBK har fått kr. 80 000,- i tilskot.

g) Underslagsforsikring.

Sotra VBK har underslagsforsikring i IF forsikringsbyrå.

h) Samordna søknad om rapportering (Vedlegg 2)

Søknad er sendt.

7/1 Loddsalg - gjennomgang og framtidig handtering av liknande tiltak

All verksemd som skal gjennomførast i regi av Sotra VBK, skal drøftast i styret og vedtakast før gjennomføring.

8/1 Rutinar for utgiftsrefusjonar og bestillingar

Alle tiltak som skal gjennomførast i regi av Sotra VBK skal vedtakast i styret før, dette gjeld tiltak som krev økonomiske ressursar og andre tiltak.

9/1 Representasjon til “Brukermøte Sotra Arena, Bildøyhallen, symjehallar og skoler i området (brukere av gymsaler)” (Vedlegg 3)

Sotra VBK var ikkje representert på møtet i Sotra Arena på møtet i Sotra Arena VIP-rom onsdag 24. mai kl. 18:00-20:00.

10/1 Representasjon på årsmøtet i idrettsrådet (Vedlegg 4)

Sotra VBK var ikkje representert på møtet i Sotra Arena på årsmøtet i Idrettsrådet onsdag 10. mai kl. 18:00-20:00.

Nils Ivar Brennhaug vart vald inn i styret som vararepresentant.

11/1 Representasjon i møte om fordeling av arrangement i kommunale bygg (Vedlegg 5)

Nils Ivar Brennhaug representerte Sotra VBK i dette møtet, Øygarden rådhus, torsdag 25. mai kl. 12:00-14:00, rom 107, første etasje.

Trenarane møtte etter ordinært styremøte og var med i drøftinga av desse sakene: 12/1, 13/1, 14/1 og 15/1.

12/1 Treningstider sesongen 2023 - 2024

Mikael Tangen la fram eit forslag om treningstider.

Dette vart diskutert og saman med andre forslag vart det bestemt at Nils Ivar Brennhaug skulle prøva å få gjennomslag for SotraVBK sine behov for treningstid sesongen 2023-2024.

Etter tildelingsmøtet har Mikael Tangen prøvd å få til ei fordeling i klubben.

Det viser seg at treningstida for tenåringslaga våre er lite tilfredsstillande.

Mikael Tangen har gjennom e-post til Ivar Einarsen og Christel Møvik-Olsen i Øygarden kommune gitt uttrykk for dette og at det vert endringar.

Tildelingsrutinar og ulike klubbar sine behov bør verta ei sak Idrettsrådet må rydda opp i. Dette bør Sotra VBK ta tak i.

13/1 Arrangement - Mizunoligaen og 1. div (Vedlegg 6a og 6b)

Utfordringar Sotra VBK møter for sesongen 2023-2024 vart drøfta ut frå nye krav frå NVBF. Mikael Tangen har sendt ei orientering til David Cox om korleis Sotra VBK arbeider med dei ulike problemstillingane på e-post. David Cox har svart på e-posten, men ikkje kommentert noko.

14/1 Norges Idrettsforbund - filming og streaming (Vedlegg 7)

Mikael Tangen har svart på eit spørjeskjema frå Norges Idrettsforbund.

Elles arbeider Nils Ivar Brennhaug med streaming-problematikken for sending av 1. div.

15/1 Utbygging av idrettsanlegg i Øygarden kommune

Denne saka vart ikkje drøfta.

16/1 Ymse

Ingen saker.

Referent: Mikael Tangen

Møvik
21.06.2023